



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	18.09.2014	034/14

Sakshandsamar Gry Otneim Leikanger	Arkiv FA-K40	Arkivsak 14/411
---------------------------------------	-----------------	--------------------

Digitalisering - Hjortevald

Saka gjeld

Løyve til å nytte midlar frå Viltfondet i samband med digitalisering av kart over hjortevalda i Selje kommune, samt å gjere desse tilgjengelege på Selje kommune si heimeside.

Opplysningar til saka

Viltfondet er etter *Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort § 2 bundne driftsfond som utelukkende kan forvaltes til viltformål.*

Dei gamle papirkarta over hjortevalda i Selje kommune er utdaterte og nye, digitaliserte kart med oppdaterte grenselinjer er avgjerande for god kvalitet på den kommunale viltforvaltninga.

Viltforvaltar har dialog om digitalisering av karta over dei 44 hjortevalda i kommunen med eit firma som heiter Utmarksressurs AS. Utmarksressurs AS har frå før god kjennskap til kommunen i samband med prosjektet *Forvaltning av hjortebestand 2013-2017 –eit prosjekt som har som formål å utarbeide bestandsforvaltning av hjort på Vestlandet.*

På noverande tidspunkt er det vanskeleg å seie noko om kostnadane med digitaliseringa, men Utmarksressurs AS meiner det vil vere gunstigare å betale for medgått tid framfor å inngå avtale om fast pris. Firmaet opererer med ein timepris på kroner 450,- inkl.mva.

Lover/regelverk

Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort.

Finansiering

Det kommunale viltfondet.

Sakshandsamar si vurdering

Digitalisering av hjortevalda i kommunen, samt å gjere karta tilgjengelege på kommunen si heimeside, er i samsvar med *Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort* § 5, bokstav a;

§ 5.Disponering av fylkeskommunale og kommunale viltfond.

a.Fondet kan brukes til:

Tilskudd til tiltak for å fremme viltforvaltning, styrke kunnskapen om viltet, jaktorganisering m.m. i kommunen og nabokommuner gjennom samarbeid i regi av organisasjoner, enkeltpersoner eller kommunen selv.

Konklusjon

Viltforvaltninga får løyve til å nytte inntil kroner 30.000,- av det kommunale Viltfondet i arbeidet med å digitalisere karta over hjortevalda i kommunen og gjere desse tilgjengeleg på Selje kommune si heimeside.

Saksgang

Driftsutvalet gjer vedtak.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Viltforvaltninga får løyve til å nytte inntil kroner 30.000,- av det kommunale viltfondet i arbeidet med å digitalisere karta over hjortevalda i kommunen og gjere desse tilgjengeleg på Selje kommune si heimeside.

Handsaming i Driftsutvalet - 18.09.2014

6 voterande

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 6 røyster for. Samrøystes.

KU-034/14 VEDTAK

Viltforvaltninga får løyve til å nytte inntil kroner 30.000,- av det kommunale viltfondet i arbeidet med å digitalisere karta over hjortevalda i kommunen og gjere desse tilgjengeleg på Selje kommune si heimeside.

Samrøystes.

Utskrift til:

Aktuelle partar

